

## Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 15. februar 2016

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <i>Til stades</i>        | Trond Trosterud, Jan Erik Knarbakk, Liv Kari Eskeland, Bjørg Nesje Nybø, Eli Bjørhusdal (vara) og Torunn Reksten (vara)  |
| <i>Forfall</i>           | Guri Melby, Curt Rice (vara)   |
| <i>Frå sekretariatet</i> | Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (førstekonsulent)   |
| <i>Frå fagråda</i>       | S 19/16: Gisle Andersen (fagråd for normering og språkobservasjon), Marianne Aasgaard (fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning), Aage Tørris Ekker og Torbjørg Breivik (fagråd for skule og offentleg forvaltning) |
| <i>Møtestad</i>          | Møterom 20, Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo   |
| <i>Møtetid</i>           | Kl. 9.00–16.00   |
| <i>Møteleiar</i>         | Trosterud  |
| <i>Referent</i>          | Kaldhussæter   |

### Sakliste

#### **Konstituering**

S 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

#### **Informasjonssaker**

S 2/16 Orienteringssaker  
a) Protokoll frå styremøtet 10. desember 2015  
b) Etatsstyringsmøtet 30. november 2015 – referat  
c) Årets nynorskkommune 2016  
d) Språkprisen 2015 – oppsummering av arbeidet i juryen

S 3/16 Mediesaker

S 4/16 Vedtektsendring frå Kulturdepartementet

S 5/16 Høyringar

S 6/16 Frå fagråda

S 7/16 Språkrådets interesser i språksamlingane

S 8/16 Parallellspråkstiltaket ved Noregs Handelshøgskole

S 9/16 Undersøking om engelsk og norsk i næringslivet

#### **Vedtakssaker**

S 10/16 Rekneskapen for 2015

S 11/16 Årsrapport for 2015

|         |   |
|---------|---|
| S 12/16 | Endeleg budsjett for 2016                 |
| S 13/16 | Budsjettsøknad for 2017                   |
| S 14/16 | Endeleg verksemdsplan 2016                |
| S 15/16 | Program for styremøte i Bergen, juni 2016 |

### **Drøftingssaker**

|         |                                     |
|---------|-------------------------------------|
| S 16/16 | Datoar for styremøte i 2016 og 2017 |
| S 17/16 | Ny strategiplan 2016–2019           |
| S 18/16 | Språkdagen 2016 – dato og skisse    |
| S 19/16 | Møte med fagrådsleiarane            |

Nestleiar Trond Trosterud ønskte det nye styret velkommen og tok initiativ til ein kort presentasjonsrunde.

### **Konstituering**

#### **S 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 15. februar 2016

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

### **Informasjonssaker**

#### **S 2/16 Orienteringssaker**

**Sakspapir:**

- a) Protokoll frå styremøtet 10. desember 2015
- b) Etatsstyringsmøtet 30. november 2015 – referat
- c) Årets nynorskkommune 2016 – notat
- d) Språkprisen 2015 – oppsummering av arbeidet i juryen

##### **a) Protokoll frå styremøtet 10. desember 2015**

Direktøren orienterte om innhaldet i protokollen. Vedlagt protokollen er ei liste med uløyste og ikkje fullførte oppgåver frå det førre styret som dei ønskte å sende over som mogleg arbeidsdokument for eit nytt styre.

##### **b) Etatsstyringsmøtet 30. november 2015 – referat**

Direktøren informerte om hovudpunkta i møtet.

##### **c) Årets nynorskkommune 2016**

Direktøren orienterte om planane for å få meir blest rundt Årets nynorsk-kommune 2016. Til neste styremøte 26. april skal sekretariatet førebu ei orienteringssak om kva kriterium som ligg til grunn for prisen.

#### **d) Språkprisen 2015 – oppsummering av arbeidet i juryen**

Direktøren orienterte kort om prisarbeidet og prøveordninga med kortliste. Juryen til Språkprisen ønskjer å publisere ei kortliste med kandidatar i forkant av prisutdelinga i år også.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

#### **S 3/16 Mediesaker**

**Sakspapir:** Rapport frå Opoint med utvalde mediesaker frå november 2015–februar 2016

Direktøren orienterte om Språkrådets mediestrategi, og la vekt på at ho ønskjer meir av dei store, prinsipielle sakene. Til neste styremøte skal sekretariatet førebu ei sak som gjer greie for mediestrategien til Språkrådet.

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

#### **S 4/16 Vedtektsendring frå Kulturdepartementet**

**Sakspapir:**

1. Brev frå Kulturdepartementet dagsett 22.12.15
2. Nye vedtekter for Språkrådet
3. Brev til KUD dagsett 6.7.14 med oppmoding om vedtektsendring
4. Skriv frå fagforeiningane til Kulturdepartementet dagsett 21.5.14

**Vedtak:** Styret ønskjer å få lagt fram denne saka som vedtakssak på neste styremøte. Styret ber direktøren orientere Kulturdepartementet om at saka skal opp til ny realitetshandsaming.

#### **S 5/16 Høyringar**

**Sakspapir:**

1. Notat frå seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgere utdanning om høyring om forslag til endring i forskrift om rammeplan for ingeniørutdanninga
2. Svar på høyring om forprosjekt Nasjonal kvensk bibliotekteneste
3. Svar på høyring om forslag til endringer i barnehagelova og opplæringslova
4. Notat frå seksjon for språk i skule og offentleg forvaltning om høyring om forskrifter om rammeplan for femårig grunnskulelærerutdanningar
5. Svar på høyring om forslag om land-for-land-rapportering for skatteformål

Styret drøfta kva rolle styret skal ha i høyringssaker. Det er semje om at alle høyringssvar bør leggjast fram for styret til orientering.

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 6/16      Frå fagråda**

**Sakspapir:** Referat frå møte i fagrådet for normering og språkobservasjon 17.11.15

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 7/16      Språkrådets interesser i språksamlingane**

**Sakspapir:** Notat frå direktøren

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering.

**S 8/16      Parallelspråkstiltaket ved Noregs handelshøgskole**

**Sakspapir:** Notat frå seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**S 9/16      Undersøkelse om engelsk og norsk i næringslivet**

**Sakspapir:** Notat frå seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning

**Vedtak:** Styret tek saka til orientering.

**Vedtakssaker**

**S 10/16      Rekneskap 2015**

**Sakspapir:** 1. Saksførelegg frå direktøren  
2. Taloppstilling

**Vedtak:** 1. Styret godkjenner rekneskapen for 2015.

2. Styret ber om tett oppfølging av rekneskap/ressursbruk i 2016 for å sikre god styring av økonomi og ressursar frametter. Styret ber direktøren kome attende med dette som eiga sak med detaljert plan for betring av økonomistyringa.

## **S 11/16      Årsrapport for 2015**

**Sakspapir:** Utkast til årsrapport for 2015

**Vedtak:** Styret godkjenner årsrapporten for 2015.

## **S 12/16      Endeleg budsjett 2016**

**Sakspapir:** 1. Utkast til budsjett  
2. Tildelingsbrev for 2016

**Vedtak:** 1. Styret godkjenner budsjettet for 2016.  
2. Styret ber direktøren kome attende med avklaring på kor mykje av fjorårets overforbruk som må dekkjast inn i 2016, og kor mykje av ubrukte tilskotsmidlar som kan overførast. Dette skal leggjast fram på neste styremøte.

## **S 13/16      Budsjettsøknad for 2017**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren

Styret hadde ingen merknader til direktørens framlegg til søknad om ekstra tiltaksmidlar i 2017.

**Vedtak:** Styret bed direktøren utforma budsjettsøknaden frå Språkrådet innan fristen 1.3.16.

## **S 14/16      Endeleg verksemdsplan 2016**

**Sakspapir:** Verksemdsplan 2016

Merknad: Under punkt 3 («Styrkt språkstatusarbeid ...»), særlege tiltak i 2016, skal det leggast til (utheva): «Språkrådet vil byggja opp eit nettverk i skulesektoren og delta i debatten om språkopplæringa *og språklege rettar* i framtidas skule».

**Vedtak:** Styret godkjenner verksemdsplanen for 2016 med den merkningen som kom fram i møtet.

## **S 15/16      Program for styremøte i Bergen, juni 2016**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren

**Vedtak:** Styret tek informasjonen til orientering, og ber direktøren arbeide vidare med endeleg program for todagarsmøtet i juni.

## **Drøftingssaker**

### **S 16/16 Datoar for styremøte i 2016 og 2017**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren

#### **Møtedatoar 2016**

Måndag 15. februar

**Tysdag 26. april** (ekstramøte)

Måndag 6. og tysdag 7. juni (todagarsmøte utanfor Oslo)

Tysdag 27. september

Torsdag 8. desember

#### **Møtedatoar 2017**

Tysdag 14. februar

**Tysdag 25. april** (ekstramøte)

**Todagarsmøte i juni** (utanfor Oslo)

Tysdag 26. september

Torsdag 7. desember

Merk: Datoane for aprilmøtet er endra for begge åra samanlikna med saksdokumenta. Datoar for todagarsmøtet i juni 2017 skal fastsetjast på neste styremøte.

**Vedtak:** Styret godkjenner den oppsette møteplanen for 2016. Planen for 2017 skal fastsetjast på styremøtet 26. april.

### **S 17/16 Ny strategiplan 2016–2019**

**Sakspapir:** 1. Saksførelegg frå direktøren  
2. Utkast til ny strategiplan

**Vedtak:** Styret sluttar seg til planen for det vidare arbeidet med strategisk plan 2016–2019. Styret ber om å få eit oversyn over prosessen på styremøtet 26. april, for så å få dokumentet til endeleg handsaming på styremøtet i juni.

### **S 18/16 Språkdagen 2016 – dato og skisse**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå seksjon for språkrøkt og språkrådgjeving

**Vedtak:** Styret gir sekretariatet fullmakt til å arbeide vidare med programmet, i samarbeid med fagrådet for normering og språkobservasjon, på grunnlag av innspel frå styret og dei planane som er skisserte i notatet.

## **S 19/16 Møte med fagrådsleiarane**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren

Marianne Aasgaard (sekretær, fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning), Gisle Andersen (leiar, fagråd for normering og språkobservasjon) og Aage Tørris Ekker (leiar, fagråd for skule og offentleg forvaltning) orienterte om samansetting, arbeidsoppgåver og planar for fagråda. Det var semje om å arbeide for ein tettare dialog og samarbeid mellom fagråd og styret.

**Vedtak:** Styret tek drøftinga med fagrådsleiarane til etterretning.

### **Godkjenning**

Protokoll frå møtet 15. februar 2016 er godkjend 4. mars 2016

Trond Trosterud

Liv Kari Eskeland

Jan Erik Knarbakk

Björg Nesje Nybø

Eli Bjørhusdal og Torunn Reksten (varamedlemar)